

**Saksframlegg****Økonomirapportering pr. 1. september 2025 - Økonomi og stab**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	52/25	01.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**Dokument i saka:****Bakgrunn for saka:**

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Totalt sett ligg sektoren godt innanfor den tildela økonomiske ramma som er tildela i år. Det er likevel nokre områder ein ser at det er avvik på og som ein ynskjer å informere om.

Parkeringsinntekter i løpet av sommaren er noko mindre enn på same tid i fjor. Så langt i år er det om lag kr 900 000,- i inntekter på parkering og vipps til Hamaren aktivitetspark. Vi har også i år budsjettera med 1,2 millionar. Her vil det nok bli noko mindre inntekter enn budsjett, men ein fin haust kan sikre meir inntekter her. Det kjem noko nesten kvar dag.

For fyste gong på mange, mange år har vi i haust ingen lærlingar i Fyresdal kommune. Det er arbeid mykje med å sikre seg lærlingar i ulike fagfelt men ein har ikkje lykkast med dette. Det er veldig liten tilgang på dei som ynskjer lærlingeplass generelt i heile Telemark. Dette gjev difor innsparing på budsjettet resten av hausten.

Politisk verksemd ligg i tråd med budsjett.

Inntektene frå mottak av flyktningar ligg godt over budsjett. Vi har i år allereie busett 12 flyktningar og har bare 3 stykker igjen på kvota for i år. Kvota vart i sommar redusert frå 20 til 15 av IMDI då det kjem færre flyktningar inn til landet generelt enn det som var stipulert. Det er også søkt og fått tildela fleire ekstratilskudd som skal vere med å dekke overforbruk på barnevernsutgifter og ekstraavgifter i skule og barnehage.

Sjølv om vi har ein veldig god statestikk på å få flyktningane ut i ordinært arbeid etter avslutta introduksjonsprogram ser ein at utgiftene til NAV (økonomisk sosialhjelp) har auka noko samanlikna med fjoråret men ein ligg likevel innanfor budsjettet så langt i år.

For å halde eit godt grep om arbeidet med etablering av datasenter og kva det til påvirke i den kommunale organisasjonen av enningar har vi valgt å tilsette ein prosjektkoordinator for dette

arbeidet. Denne stillinga er lagt under sektor på plan og teknikk men arbeider også mykje inn i næring og kommuneleiinga. Det er difor naturleg at ein bidreg med finansiering av denne stillinga frå sektoren her.

Konklusjon:

Totalt sett ligg sektoren godt innanfor tildela økonomisk ramme.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 1. september til vitande.

Ramma vert redusert med kr 300 000,- som overførast til sektor for plan og teknikk for å dekke delar av prosjektstilling i samband med etablering av datasenter.

Behandling i Formannskapet - 01.10.2025

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2025

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 1. september til vitande.

Ramma vert redusert med kr 300 000,- som overførast til sektor for plan og teknikk for å dekke delar av prosjektstilling i samband med etablering av datasenter.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.09.2025- Helse og omsorg

Utval	Utvalssak	Møtedato

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Den økonomiske ramme pr 01.09.25 var kr.39 400 000 og det var bruka kr. 39 600 000. Det betyr eit meirforbruk på kr. 200 000 i sektor helse og omsorg.

Vi har auka ressursane både innan psykisk helse og rus samt på helsestasjonen grunna eksterne tilskotsmidlar.

Det er og sett fokus på dette med tidleg innsats og førebygging. Tilskotsmidlar har ført til at vi no er i gang med foreldrevegleiing.

Vi er godkjent utdanningsverksemd innan allmennmedisin, noko som fører til at vi har søkt tilskot slik at vi kan inngå avtaler for spesialiserings løp innan allmennmedisin.

Vi har framleis eit meirforbruk knytt til TTF. Ein ser ein tendens til at dei generelle lønsutgiftene er høgare enn budsjettet noko som blir fylgt tett opp.

Alle vedtak har no blitt gått igjennom og det blir jobba med alternative arbeidstidsordningar. Dagtilbod er framleis under utarbeiding, blir jobba med og fram til ei permanent løysning er på plass nyttar vi det midlertidige tilbodet. Dette midlertidige tilbodet er utvida til juni 2026.

Foreløpige berekningar på ressurskrevjande brukarar visar at vi moglegvis får mindre inntekter enn det som er budsjettet.

Ein ser og at lønsutgiftene er større enn budsjett på POS og i heimetenesta. Det var noko kortidsfråvær samt nokre langtidsfråvær midt i ferieavviklinga samtidig som vikartilgangen kunne vore betre. Det måtte nyttast både overtid og forskyving for å sikre forsvarleg drift.

Nokre særavtaler i høve til ferieavvikling har ført til auke i lønsutgifter.

Det har vore utfordrande å kome i mål med reduksjonen av heimehjelp med 70 % stilling, hittil er det redusert med 20%. Dette arbeidast vidare med.

Lågt belegg på POS har ført til reduksjon i inntekter. Men grunna dette låge belegget har vi hatt anledning til å ta imot gjestepasientar frå andre kommunar. Noko som har ført til inntekter som dekker noko av mindreinntektene.

Lås systemet til medisinerommet på POS må oppgraderast og kostnadane er berekna til kr. 60 000.

Dette er ein stor ekstraavgift for avdelinga og summen på kr 60 000 skal dekkast av kommunedirektørens investeringspott.

Flytting av heimetjenesta tilbake til POS førte til at noko av kontorutstyret måtte oppgraderast. Dette er ein stor ekstraavgift for avdelinga og summen på kr 70 000 skal dekkast av kommunedirektørens investeringspott.

Konklusjon:

Totalt på sektoren ligg vi i tråd med budsjett med nokre avvikande faktorar.

Det er noko overforbruk på lønsutgifter i perioden som blir tett fylgd opp. Utgifter til utstyr og oppgradering skal dekkast av kommunedirektøren sin investeringspott. Eksterne tilskotsmidlar gjer at ein har kunne auka bemanninga på helsestasjon og innan psykisk helse og rus.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01.09. i sektor for helse og omsorg til vitande.

Ramma for sektoren blir justert med bruk av kommunedirektøren sin investeringspott med kr 130 000.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anne Veum
	kommunalsjef HO



Saksframlegg

Økonomigjennomgang til 2. tertial, kultur og oppvekst 2025

Utval	Utvallssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. september legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

I økonomirapportering for 1. tertial vart det rapportert at det er nødvendige med tiltak for å få skulen på eit betre nivå. Ein har gjort fleire grep for å sikre dette. Grunna fleire usikre moment rundt frávær, tilsette ein noko over ramma for å sikre bemanning og at klassene kunne starte opp på ein god måte.

Fleire tilsette vil også gje rom i timeplanane, slik at ein kan bruke skulen sine eigne pedagogar ved frávær, så langt det let seg gjere, då det er krevjande å skaffe vikarar. Men dette fordrar at ein også klarar å halde fráværet på eit akseptabelt nivå.

For at tilsette og elevar skal oppleve betre forutsetningar for undervisning, høgare trivsel og meistring har ein sett inn støttefunksjonar som IT-konsulent i 40 % og skulemiljøarbeider i 100 % (ca 50 % er dekt av skulemiljømidlar frå UDIR).

Vidare har skulen auka funksjonen til spesialpedagogisk koordinator til 43 %, slik at krav i opplæringslova kapittel 11 blir fylgd, samt samarbeid og koordinering av PPT og logoped.

Ein skal finansiere noko av meirkostnadar ved mindre bruk av vikarar, vakante stillingar blir ikkje lyste ut og naturleg avgang.

Meirkostnadane er nødvendige for å få til grunnleggjande og varige endringar. Det vil vere ein krevjande jobb dette skuleåret og framover, men at der er vilje til å sette inn kostnadseffektive tiltak er svært viktig og vil gje høgare kvalitet på sikt. Drifta dei fyrste månadane av skuleåret er noko høgare på løn og drift og ikkje alle refusjonar frå våren er inntektsført.

Det er også store utgifter til barnevern i sektoren, men det meste vil bli dekt opp av midlar frå IMDI.

Vi får ikkje gjort noko med historia, men vi gjer grep for framtida.

I kultur er det ei god jobbing og avdelinga er i balanse. Ein har fleire tilbod i aktivitet, men ein ser noko nedgang i kulturskulen. Avdelinga samla sett ligg innafor budsjett og er kreative i å skaffe inntekter.

Barnehagen har ei bevist innsparing på løn. Barnetalet har gått ned og ein har difor sett på andre måtar å bygge både avdelingar og turnus på. Men ny rettleiar om «Tilstrekkelig bemanning i barnehagen» gjer at barnhagen må auke opp noko. Desse endringane vil barnehagen greie innafor eigen ramme.

Konklusjon:

For 2. tertial ligg sektor for kultur og oppvekst med eit overforbruk på kr 1.900 000,-. Dette ligg hovudsakleg i høgare lønnsutgifter på skulen, grunna tiltaka skissert.

Sektoren jobbar vidare med dei endringane som er nødvendige.

Det er forventa omstillingar i sektoren, noko vi allereie er i gang med. Både på tvers av sektor og i den enkelte avdeling. Dette er eit krevjande, men nødvendig arbeid for alle.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01. september til orientering.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst



Saksframlegg

Økonomigjennomgang 2 tertial 2025 - Plan og teknikk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		14.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovedutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

I samband med tertialrapporteringa rapporterer kommunalsjefane til sine respektive utval om den økonomiske situasjonen innan dei sektorane dei har ansvar for. Dette skjer parallelt med tertialrapporteringa til kommunestyret.

Denne rapporten omtalar status per 1. september 2025.

Vurdering:

*Saka er vurdert i lys av strategien i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023–2035, der det heiter at **Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.***

Drift.

Sektoren har i hovudsak balanse i den ordinære drifta. Det er framleis noko meirforbruk på enkelte ansvarsområde, medan andre område viser mindreforbruk. Den tilleggsløyvinga kommunestyret vedtok til dekking av straumkostnader og kommunale vegar ligg per 2. tertial framleis i samsvar med dei faktiske utgiftene.

Det er likevel eit vedvarande press på sektorressursane knytt til vedlikehald og ombyggingar (mellom anna legekontor og POS-bygget). Desse tiltaka bør i større grad finansierast over investeringsbudsjettet, for å frigjere midlar til løpande og naudsynt vedlikehald.

Det er framleis noko svikt i gebyrinntektene på plankontoret.

Sjølvkostområda

Det er framleis svikt i gebyrinntektene, særleg innan vatn og avløp. Dette kjem både av faktureringsrutinar (delvis årlege krav) og eit generelt misforhold mellom kostnader og gebyrnivå.

Per 1. september er det registrert eit meirforbruk på sjølvkostområda på om lag kr 1.300.000,-. Det kan vere at fakturering av kundar med vassmålar ikkje er gjennomført enno, noko som vil betre situasjonen noko – men truleg ikkje heilt.

Kommunen har teke i bruk eit nytt verktøy for sjølvkostkalkylar, som gjev høve til å inkludere renter og avskrivningar. Dette legg grunnlaget for ei meir presis gebyrfastsetjing i budsjettet for 2026.

Det er særleg viktig at sjølvkostområda ikkje vert subsidierte av frie driftsmidlar. Brukarbetalinga må samsvare med dei faktiske kostnadene.

Vest-Telemark brannvernsamarbeid.

Tenesta er noko underbudsjettet i 2025. Dette kjem av at det vart lagt inn nye tenester i samarbeidet som kommunane skal finansiere, utan at dette vart tilstrekkeleg kommunisert til kommunal administrasjon. Dette medfører ein underfinansiering på om lag kr 250.000,-. Det er viktig å etablere gode rutinar for kommunikasjon framover, slik at tilsvarande misforståingar vert unngått. Dette krev tett dialog mellom administrasjonen og dei kommunale representantane i ulike representantskap og styrer.

I samband med behov for fleir sentrumsnære bustader har formannskapet bestilt prioriteringssak knytt til bustadutvikling sentrumsnært. Kommunedirektøren signaliserer allereie no at renovering/utbygging på Skogtun vil ha første prioritet. Det foreslås derfor at det blir satt av investeringsmidlar for prosjektering Skogtun på kr. 250.000,- i investeringssak som kjem seinare.

Dokumentavgift for kjøp av boliger i Grunnvik burde vært investeringsfinansiert med kr.135.000,-, dette foreslås også lagt inn i investeringssak som kjem seinare.

Endringar/justeringar i sektorbudsjettet 2 tertial:

- Stilling som prosjektkoordinator styrkast i budsjettet 2025 med kr. 500.000,-, denne får heilårseffekt i 2026 kr. 800.000,-.
- Tilskot ansvar 1303 styrkes med kr. 250.000,-
- Ansvar 1375 private vegar styrkast med kr. 266.480,-
- Oppussing POS/Helsehus kr. 300.000,- (Kommunedirektørens millionar).
- Kompressor symjehall kr. 175.000,- (Kommunedirektørens millionar).
- Utkjøp to leasingbilar kr. 500.000,- (Kommunedirektørens millionar).
- Ladepunkt kommunale bustader kr. 150.000,- (Kommunedirektørens millionar).

Konklusjon:

Totalt sett er sektoren i rute med både drift og investeringar.

Sjølvkostområda, særleg innan vatn og avløp, krev likevel særleg oppfølging framover.

Det vert tilrådd å styrke kontrollen med inntektsgrunnlaget og å leggje fram forslag til justering av gebyr i samband med budsjettarbeidet for 2026.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Økonomigjennomgangen i samband med 2. tertial vert teke til orientering, og ber om fylgjande justering:

- Bruk av tilskuddsfond kr. 516.480,-
- Kommunedirektøren sin investeringspott kr. 1.125.000,-
- Kommande inntekter knytt til datasenteretablering kr. 500.000,-

**Saksframlegg****Økonomirapportering pr. 1. september 2025 - finans**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	53/25	01.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**Dokument i saka:****Bakgrunn for saka:**

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Det vil i år bli vesentleg meir inntekter frå sal av konsesjonskraft enn budsjettera. Årsresultatet for 2024 vart nesten tre millionar meir enn revidert budsjett. Også i 2025 er det nå eit revidert budsjett som viser om lag fire millionar meir enn tidlegare prognoser. Det vil sei at ein kan forvente om lag sju millionar i meirinntekter i år enn det som vart rapportert i mai.

Det har i år vore mange og store saker til næringsfondet, noko som viser at det vert satsa på fleire området. Sjølv om næringsfondet vart fylt på med kr 750 000,- i mai er det nå behov for ytterlegare påfyll om ein skal ha midlar til disposisjon resten av året.

Skatteinntektene ligg framleis over budsjett så langt i år og ein kan også her forvente ei ekstraintekt samanligna med budsjett på to til tre millionar kroner slik prognosa ligg no. Om ein tek med ekstraintekter frå eigedomsskatt i tillegg så ser det ut som ein kan forvente eit resultat som er opp mot fire millionar i meirinntekter.

Rammeoverføringane frå staten ligg i tråd med budsjett.

Renter og avdrag ligg i tråd med budsjett, det har ikkje vore vesentlege endringar på rentenivået i løpet av denne perioden.

Konklusjon:

Sal av konsesjonskraft vil gje ekstraintekter i år på om lag sju millionar.

Prognosene for skatteinntang og eigedomsskatt ligg også om lag fire millionar over budsjett.

Rammetilskudd frå staten, renter og avdrag ligg i tråd med budsjett.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 1. september til vitande.

Meirinntekter frå sal av konsesjonskraft og skatteinntekter på 11 millionar vert nytta til:

- Ein million til næringsfond
- 10 millionar avsettast til disposisjonsfond.

Behandling i Formannskapet - 01.10.2025

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Formannskapet - 01.10.2025

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 1. september til vitande.

Meirinntekter frå sal av konsesjonskraft og skatteinntekter på 11 millionar vert nytta til:

- Ein million til næringsfond
- 10 millionar avsettast til disposisjonsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef